



Arkivsaksnr.:
2024/13037

Dokumentdato:
16.10.2024

Styre:
Universitetsstyret

Styresak:
76/24

Møtedato:
24.10.2024

ORIENTERINGSSAK

UiBs faglege arbeid med berekraft

Tilvising til bakgrunnsdokument

- [Styresak 29/19 Klimanøytralt UiB 2023](#)
- [Styresak 102/20 Plan for et klimanøytralt UiB - status 2020](#)
- [Styresak 109/19 Klimanøytralt UiB – ambisjoner og tiltak](#)
- [Styresak 4/23 Ny strategi for UiB 2023-2030](#)
- [Styresak 39/23 Handlingsplan for klimaarbeidet ved UiB 2023 – 2026](#)

Saka gjeld:

UiB har som visjon å vere blant Europas fremste universitet, internasjonalt kjend for høg kvalitet i forskning og utdanning.

I strategien heiter det at UiB skal flytte kunnskapsgrensene og bidra til ei berekraftig og demokratisk framtid gjennom sterk forskning i og på tvers av disiplinane over eit stort fagleg spekter.

Forskning av høg internasjonal kvalitet og forskingsbasert utdanning er UiBs viktigaste bidrag til arbeidet med berekraft. UiB har omfattande fagleg aktivitet som anten indirekte eller direkte er relatert til berekraft. Universitetet har lange fagleg tradisjonar for forskning og utdanning innan dei tre søylene i berekraftsomgrepet: spørsmål kring miljø, økonomi og sosiale tilhøve.

I denne saka blir Universitetsstyret orientert om status for korleis organisasjonen arbeider med berekraft på den faglege verksemda. Forsking om ulike tema kring berekraft kjem som initiativ frå dei mange fagmiljøa ved UiB. Ambisjonar om å nå berekraftsmåla skjer innanfor ramma av eit universitet som set høgt fagleg nivå og fridom i val av forskningstema og -konklusjonar som ein ufråvikeleg standard. Desse verdiane fører med seg problemstillingar som fagmiljøa er opptekne av og har eit aktivt tilhøve til.

Forslag til vedtak:

Universitetsstyret tek gjennomgangen av UiBs arbeid med berekraft til orientering.

Tore Tungodden
universitetsdirektør

16.10.2024/Ingar Myking

Vedlegg:
1. Saksframstilling

Saksframstilling

Styre:
Universitetsstyret

Styresak:
76/24

Møtedato:
24.10.2024

Arkivsaksnr:
2024/13037

UiBs faglege arbeid med berekraft

Bakgrunn

UiB har som visjon å vere blant Europas fremste universitet, internasjonalt kjent for høg kvalitet i forskning og utdanning. Strategien slår fast at: «Gjennom våre sterke fagmiljø, vårt rike utdanningstilbod, vår kultur og vår organisasjon, bidreg vi til berekraft og styrking av demokrati og rettsstat.»

UiB var tidleg ute med å adressere FN sine berekraftsmål og har definert berekraft som ei viktig prioritering i strategien. Strategien anerkjenner at ei av dei store utfordringane i vår tid er korleis vi kan sikre det sosiale livsgrunnlaget for menneske samstundes som vi held oss innanfor jordas tolegrensar i høve til klima og miljø i vid forstand. UiBs viktigaste rolle er å bidra til kunnskapsutvikling gjennom langsiktig forskning, utdanning, og formidling til samfunnet.

Ved [Universitets- og høgskulelova](#)s revisjon i 2021 blei berekraft ein del av universiteta sitt føremål: «bidra til ei miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig utvikling». Dette er grunngeve med at UH-sektoren er ein sentral aktør og viktig nøkkel for å løyse samfunnsutfordringane. UiBs langsiktige forskning skal bidra til å styrke den breiare forståinga av sjølve omgrepet. Det faglege engasjement for berekraft er ikkje nødvendigvis avgrensa til bestemte fagfelt, metodar eller teoriar, og finn stad ved alle fakultet. Fagmiljøa omfattar naturvitenskaplege perspektiv på klima og miljø, så vel som dei omfattande sosiale, kulturelle, politiske, juridiske, medisinske og økonomiske dimensjonane frå berekraftsmåla.

I denne saka blir Universitetsstyret orientert om status for korleis UiB arbeider med berekraft. Saka vil legge vekt på den faglege sida av arbeidet og korleis FNs berekraftsmål kan ha ein universitetsfagleg relevans i lys av akademisk fridom og krav om akademisk sanningssøking. Her vil bli gitt dømer på ulike tiltak, studiar og faglege prosjekt som direkte og/eller indirekte bidrar til kunnskap om og djupare forståing av berekraft og arbeidet med å nå berekraftsmåla ut frå eit universitetsperspektiv.

Forskning og berekraft

Fleire fagmiljø ved UiB er internasjonalt leiande på viktige aspekt av berekraft, ikkje minst gjeld det forskning på naturmangfald, klima, miljø og sosiale og økonomiske aspekt av desse. Og sjølv om perspektiva gjerne tek utgangspunkt i klima og miljø, går mange fag i praksis langt inn i den breiare kritiske og analytiske forskinga om berekraft som idé, omgrep og politisk mål. Tverrfagleg forskning er ofte sentralt i dette arbeidet.

UiB har sterke forskingsmiljø som er retta mot berekraftige løysingar innan helse, samfunn, klima, hav, energi, og ressursforvaltning, områder som òg er representerte i [UiBs tematiske satsingar](#). Dei tematiske satsingane byggjer på fag der UiB historisk har hatt særlege tradisjonar og fortrinn, og som har ein særleg relevans for berekraftsmåla: Hav, klima og energiomstilling, og globale samfunnsutfordringar. Dei tematiske satsingane er døme på verkemiddel for tverrfagleg og tverrfakultær fagleg aktivitet, profilering og gjennomslag på konkurransearenaene. Dei bidreg inn i tverrfagleg og tverrfakultært samarbeid som kunnskapsklynger, AI-Bergen, i fleire sentre og altså særleg i berekraftsarbeidet ved UiB.

UiB har i tillegg ei heilt særreiga rolle som leiande innan havforskning. Gjennom forskning på marine økosystem og forvaltning av havressursar, bidrar universitetet til berekraftig utnytting av havet, noko som er viktig for både Noreg og verda, og som er bakgrunnen for at UiB i 2018 blei peika ut av FN som [globalt knutepunkt for berekraftsmål 14](#), livet i havet

Å formidle heile breidda av forskning relevant for berekraft ved UiB blir for omfattande. Arbeidet ved [Fakultet for naturvitskap og teknologi \(NT-fak\)](#) kan stå som eit første illustrerande døme på aktiviteten. Berekraft er eit gjennomgripande perspektiv i fakultetet sin strategiplan fram mot 2030: «Vår forskning og våre studentar skal vere sentrale kunnskapsleverandørar i samfunnets omstilling til berekraftig ressursbruk.» Fakultetet sine tre profilområde: hav, klima og energiomstilling, er forankra i eit langsiktig fokus på å utvikle kunnskap for ei berekraftig omstilling, noko som kjem til uttrykk både i forskinga og i utdanningstilbodet. Berekraftperspektivet står sentralt i ei stor breidde av forskingsaktivitet, både i samarbeid på tvers av fagfelt og i utviklinga av enkeltfag. Berekraftsrelatert forskning blir utført innan alle fagmiljøa.

Her er nokre døme:

- [Bergen Offshore Wind Centre \(BOW\)](#): BOW er eit tverrfagleg senter som bidreg til ny kunnskap om berekraftig utvikling av vindenergi til havs, inkludert utnytting av vindressursar, regulatoriske behov, og miljøpåverknad.
- [Senter for bærekraftig arealbruk \(CeSAM\)](#): CeSAM fokuserer på korleis vi bruker og forvaltar land- og havområda våre. Dei har viktig kompetanse innan berekraftig arealbruk, økosystemtenester og utfordringane knytt til tap av natur.
- [Bjerknessenteret for klimaforskning \(BCCR\)](#): Senteret har som mål å forstå klima gjennom tverrfagleg naturvitskapleg forskning, med fokus på det globale klimaet, polarklima, karbonsystemet og klimafarar. Bjerknessenteret er eit av Europas største naturvitskaplege klimaforskning-senter.

Dei forskingsbaserte studietilboda gjev studentar kunnskap, innsikt og verktøy til å bidra til ei berekraftig utvikling der MNT-fagleg kunnskap er heilt nødvendig for ei berekraftig verd. Berekraft, klima og energiomstilling er, i tillegg til dei målretta SDG-emna, svært godt integrert i alle fakultetet sine studieprogram. To av tre studieretningar i den tverrfaglege mastergraden i berekraft blir tilbydde ved fakultetet, men kompetanse for eit berekraftig samfunn blir òg utvikla gjennom fakultetet sine andre program og studieretningar.

Ser ein framover søker fakultetet i år om å opprette eit nytt to-åreg masterprogram, ein dobbelgrad saman med partner i [CHARM](#) Universitetet i Würzburg: Global Change Ecology

med ein tydeleg berekraftsprofil. Det er òg planar om eit nytt integrert masterprogram (siv.ing.) i geofysikk: vêr, hav og klima. I tillegg har fakultetet eit breitt utval EVU-emne der berekraft og energiomstilling er sentrale tema.

Ved [Det medisinske fakultetet](#) (MED) er berekraft integrert i fakultetets aktivitetar, med fokus på tema som berekraftig helse og global helse. Fakultetet er også involvert i tiltak for å redusere avfall og ressursbruk, og dei har ei strategi for å auke medvitet rundt berekraft i medisinsk praksis og forskingsmetodar. Døme kan vere:

- [Bergen senter for etikk og prioritering \(BCEPS\)](#)
- [Centre for Intervention Science in Maternal and Child Health](#)

Fakultetet jobbar med ein tverrfagleg satsing som omfattar både forskning og undervisning. Dei har initiativ som [Senter for internasjonal helse](#) og [Pandemisenteret](#), som fokuserer på globale helseutfordringar som pandemiar og antibiotikaresistens. Fakultetet tek også opp FN's berekraftsmål i undervisninga for å forberede helsepersonell til å møte framtidige helsekriser og miljøutfordringar. Dette inkluderer berekraftig ressursbruk og global helseutdanning.

[Fakultet for kunst, musikk og design \(KMD\)](#) kombinerer kunstnarisk utviklingsarbeid med vitenskapleg forskning og utdanning, og har fleire prosjekt knytt til berekraft. I undervisninga vektlegg KMD berekraft gjennom fleire program, der studentane blir oppfordra til å utforske korleis kunst og design kan bidra til berekraftige løysingar. Perspektivet er at kunsten har sterk påverknad både intellektuelt og emosjonelt, og at kunsten kan spele ei viktig rolle i overgangen til ei meir berekraftig framtid. Den faglege verksemda kring berekraft ved KMD kombinerer større samarbeid mellom kunstnarar, studentar og forskarar i samband med konsertar, utstillingar og enkeltprosjekt knytt til forskning, undervisning, formidling og kunstnarisk utviklingsarbeid. Her er nokre døme:

- [Illusion of Form](#): Dette prosjektet fremjar nye undervisningsstrategiar og samarbeid mellom polske og norske kunstinstusjonar, med fokus på erfaringsutveksling og berekraftige metodar.
- [Common Ground](#): Eit initiativ som bygger bru mellom kunnskap frå det globale sør og nord, og fremjar tverrfagleg praksis innan kunst, design og musikk. Prosjektet søkjer å integrere lokal urfolkskunnskap i ein global kontekst, med fokus på berekraft.

Det samfunnsvitenskaplege fakultetet ([SV](#)) husar fleire forskingsmiljø som er sentrale for klima- og miljøforskning, og samarbeider tverrfagleg med dei andre fakulteta, inkludert studiar av korleis sosiale, politiske og økonomiske faktorar påverkar berekraftige praksisar. Her ser ein på korleis det grøne skiftet påverkar samfunn, rettar og velferd, samt korleis ein kan sikre felles rettar i ei verd med knappe ressursar. [Senter for klima og energiomstilling \(CET\)](#) som har som mål å produsere handlingsretta kunnskap om korleis ein kan oppnå djup, rask og rettferdig omstilling av samfunnet, er eit døme på slikt tverrfagleg arbeid med grunnlag i samfunnsvitenskapleg forskning på omstilling. SV tilbyr også fleire utdanningsprogram med fokus på berekraft der den til dømes den spesialiserte mastergrada i [global utvikling](#).

[Det psykologiske fakultet](#) har eit breitt spekter av program og forskingsprosjekt som adresserer berekraftige løysingar i samfunnet. Fakultetet husar fleire institutt som bidrar til berekraftig forskning. For eksempel:

- [Institutt for helse, miljø og likeverd \(HEMIL\)](#) fokuserer på helsefremjande arbeid, barnevern og global utvikling, og dei driv tverrfagleg forskning innan helse- og samfunnsvitskap.
- [Institutt for samfunnspsykologi](#) arbeider med emne som avhengigheits problematikk, migrasjon og korleis samfunnsforhold påverkar psykisk helse.

Fakultetet tilbyr fleire utdanningsprogram med fokus på berekraft. [Masterprogram i helsefremjande arbeid og helsepsykologi](#) er eit slikt døme som gir studentane innsikt i korleis ein kan fremje psykisk og fysisk helse i ulike samfunnssamanhengar. Det same gjeld masterprogrammet i [Global development theory and practice \(GLODE\)](#). Fakultet har fleire kurs og emne som er relevante for berekraftsmåla, der studentane lærer om samfunnsmessige, psykologiske og miljømessige utfordringar.

[Det juridiske fakultet \(JUR\)](#) har fleire sentrale område der dei fokuserer på berekraftige juridiske rammevilkår, særleg innan klima- og energirett, samt næringsliv og innovasjon. Fakultetet samarbeider med forskingssenter som [Bergen Offshore Wind Center](#) og [Center for Climate and Energy Transformation](#). I undervisninga blir berekraft vektlegg gjennom emne som tek opp rettslege rammevilkår for berekraftig utvikling. Det juridiske fakultet tilbyr i tillegg kurs og program som tar for seg internasjonale miljøkonvensjonar, EU-rett og menneskerettar i samanheng med berekraft.

[Det humanistiske fakultet \(HF\)](#) deltek aktivt i fleire forskingsprosjekt knytt til berekraft, blant anna gjennom samarbeid med andre institusjonar og forskingssenter, og fokuserer på korleis humanistiske fag kan bidra til forståinga av berekraft og samfunnsutvikling. Forskinga ved HF rettar seg mot språk, historie, kultur og estetiske uttrykk, med ei fortolkande tilnærming som er viktig for å forstå samfunnets utfordringar. Dei har initiativ som fremjar digital humaniora og i undervisninga blir berekraftige perspektiv integrert i fleire studieprogram. HF tilbyr også den spesialiserte mastergrada på berekraft som gir studentane verktøy til å handtere framtidige utfordringar innan helse, miljø og samfunn.

[Universitetsmuseet \(UM\)](#) har omfattande vitskapelege samlingar innan både naturhistorie og kulturhistorie, som gir grunnlag for brei forskning på berekraft. Museet fokuserer på biodiversitet og korleis menneskeleg aktivitet påverkar miljøet med studiar av biologisk mangfald, klimaendringar og bevaring av kultur- og naturarv. Gjennom prosjekt som involverer feltarbeid og innsamling av data bidrar Museet til ein betre forståing av berekraftige praksisar. Museet tilbyr undervisningstilbod til studentar, og dei utviklar digitale læringsressursar som fremjar kunnskap om berekraft og miljø. Viktig er òg skulebesøk og aktivitetar som engasjerer yngre generasjonar i berekraftige tema.

Ser ein på UiB som heilskap er det ei rekke sentre som har berekraft som direkte eller indirekte mål som del av porteføljen. Forskinga her tek utgangspunkt engasjement frå fagmiljøa sjølve og viser styrka i forskingsuniversitets desentraliserte styringsmodell med akademisk autonomi og rom for fagleg initiativ. Her er nokre andre døme med lenke til UiBs heimesider.

- [Centre for Sustainable Aquaculture Innovations \(CSAI\)](#)
- [Computational Biology Unit \(CBU\)](#)
- [Havobservasjonslaboratoriet](#)
- [Lakselussenteret \(SLRC\)](#)
- [Senter for dyphavsforskning](#)
- [Bergen Global](#)
- [Ocean Sustainability Bergen \(OSB\)](#)
- [Sars internasjonale senter for marin molekylærbiologi \(en\)](#)

Stillingar med “grøn” profil

I Statsbudsjettet for 2022 blei UiB tildelt fire «grønne» vitenskapelige stillingar. To av desse stillingane ble plassert ved Fakultet for naturvitenskap og teknologi (NT-fak), medan Det juridiske fakultet (JUS) og Det humanistiske fakultet (HF) har ei stilling kvar.

Ved Kjemisk institutt er det tilsett ein førsteamanuensis innan kjemisk verdiskaping frå biomasse som kombinerer forskning på kjemiske prinsipp med livssyklusanalyser for å bere fram energiberarar og verdfulle kjemiske plattformer frå biomasse. Ressursmaterialet består av matavfall, trevirke, kloakkslam og marine vekstar. Utvikling av selektive og berekraftige omdanningsstrategiar står her sentralt både i forskning og undervisning.

Ved Institutt for geovitskap er dei i prosess med å tilsette i ei stilling retta mot marin geovitskap for det grønne skiftet. Den som får stillinga er venta å ha ei leiande rolle i marine tokt-aktivitetar og datainnsamling til havs, med mål om å forstå havbotnens geologi, landskapsformer og aktive prosessar. Dette er grunnforskning, med stor betydning og bruksrelevans i det grønne skiftet.

HF har vald å bruke ei grøn stilling til «miljøhumaniora» innan ein kulturvitenskap som kombinerer landskaps- og offentleg arkeologi, folkloristikk, kulturhistorie og kritiske kulturarvstudiar med eit spesielt fokus på folkelege forteljingar. Her blir det utvikla tilnærmingar til det som blir kalla miljø-/økokritisk folklore, inkludert å undersøkje rolla til overnaturlige ikkje-menneske innanfor økologisk medvit og miljøengasjement.

Det juridiske fakultetet har satsa på å vidareutvikle fagmiljøet innan klima-, energi- og miljørett. Deira «grønne stilling» har vore viktig for å bygge tverrfaglege og tverrsektorielle nettverk, særleg mot økonomiske, samfunnsvitenskaplege og teknisk- og naturvitenskaplege fagområde og store næringslivsaktørar. KSP-prosjektet [Impact Wind](#), som skal mogleggjere raskare utbygging av havvind, og [FME Hyvalue](#), som skal forske på hydrogenbaserte løysingar for energisektoren, er eit slikt døme på bidrag til det tverrfaglege forskingsfeltet innan klima- og energiomstilling. Det er tillegg no planar for å opprette eit forskingssenter for klima-, energi- og berekraftsrett i 2025. Senteret skal ha eit særleg fokus på karriereutvikling for yngre forskarar, og vil setje rekruttering og bygging av eit internasjonalt forskingsmiljø i front.

Utdanning og berekraft

UiB har som mål å utdanne fagleg sterke, sjølvstendige, kritisk tenkjande studentar som òg er medvitne sitt samfunnsansvar og bidrar til ny, forskingsbasert kunnskap i samfunnet. Tyngda av studieprogram og kurs byggjer på forskingsbasert undervisning og vil, anten direkte eller indirekte vere relevante for dei sosiale, økonomiske, miljømessige eller kulturelle dimensjonane av berekraftsomgrepet. UiB har integrert berekraftsperspektiv i mange studieprogram, og tilbyr kurs og program som er direkte knytt til berekraft og klima. Her er særleg mange utdanningar innan klima, miljø, energi, ressursforvaltning og sosial berekraft, ikkje minst på dei områda som er nemnd under forskingsdelen av denne styresaka, og som er direkte relevante til berekraftsmåla.

UiBs [masterutdanning](#) i berekraft har som mål å gi djup kunnskap om dei viktigaste spørsmåla og utviklingstrekka innanfor berekraft. Her blir berekraft tenkt som eit tverrfagleg felt, sidan dei gode løysingane sjeldan kjem frå eitt perspektiv aleine. Masterprogrammet tar for seg korleis samfunn, politikk, vitenskap og lovverk saman kan bidra til ei meir berekraftig verd. Her får studentane høve til å studere dette på tvers av fagfelt som for eksempel biologi, juss, klimavitenskap, historie og samfunnsvitenskap.

Studiet har tre studieretningar, og studentane har bakgrunn frå svært ulike disiplinær og fagfelt. Studieretningane er:

- Globale samfunnsutfordringar
- Klima og energiomstilling
- Marin berekraft

På studiet vil vi aktivt utforske og forfølge spørsmål som: Kva er berekraft, og korleis har omgrepet "berekraft" utvikla seg over tid? Kva som er dei viktigaste berekraftsutfordringane på felt som klima, energi, marin biologi, og global utvikling og korleis berekraft utspeler seg i forholdet mellom juss, politikk og vitenskap? Studentane får innblikk i korleis ein kan arbeide på tverrfagleg vis for å nå berekraftsmåla. Samstundes blir tilhøvet mellom teoretisk kunnskap og praksis på berekraftsfeltet drøfta.

UiB tilbyr i tillegg ei rekkje [enkeltemne](#) og [kurs](#) som omhandlar FN's berekraftsmål. Desse emna omfattar alle nivå, frå bachelor til ph.d., og kan takast som frie studiepoeng på dei fleste studium. Dei fleste enkeltemna er opne for alle studentar, medan nokre kan vere avhengige av ytterlegare krav.

[Klimafondet ved UiB](#) arbeider med konkrete prosjekt for å redusere universitetets miljø- og klimaavtrykk. Gjennom Klimafondet ved UiB kan studentar ved alle fakultet søkje om stipendet «Grøn master», ei insentivordning for masteroppgåver med fokus på klima, miljø og berekraft innanfor alle fagdisiplinær ved UiB. Det er sett av 200 000 kroner til stipendet og det er mogleg for 20 studentar å få midlar til si oppgåve.

Studentane har ei viktig rolle i berekraftsarbeidet ved. [Bærekraftspilotene](#) bidrar med perspektiv frå studentane inn i UiB sitt arbeid med berekraft og [Klimanøytralt UiB](#). Det same kan seiast om ["Grønt studentnettverk"](#) som synleggjer korleis studentane i Bergen kan velje blant eit mylder av [studentorganisasjonar](#) som jobbar med berekraft dersom dei ønsker å engasjere seg utover dei konkrete studiane.

Andre typar engasjement i berekraftsarbeidet

Universitetet har som eit fullskala forskingsuniversitet eit ansvar i å utvikle sosial berekraft, inkludert likestilling, mangfald og inkludering. Det handlar om å sikre at utdanning og forskning er tilgjengeleg for alle, og at universitetet er ein trygg og inkluderande stad for studentar og tilsette.

UiB har ei rekke framifrå vitenskaplege tilsette som har viktige roller i formidling og deltaking i ulike slag utgreiingar kring om i verda. Berekraftsmåla og ulike problemstillingar har eit særleg søkelys denne hausten sidan det er eit nytt Klimatoppmøte, [COP29 i Baku, Aserbajdsjan i november](#). UiBs fagmiljø bidrar òg inn i offentlege høyringar og offentlege utval. Mange vitenskaplege tilsette ved UiB er ressurspersonar i det globale berekraftsarbeidet. Døme på slike finn ein tilgjengeleg på heimesidene til UiB. Her er mange av våre [ekspertar](#) på naturvern og berekraft presentert.

Universitetet har sidan 2015 hatt ulike typar samarbeid med offentlege og private aktørar for å fremje berekraftige løysingar på lokale og globale utfordringar. Ulike fagmiljø har aktivt delteke i internasjonale nettverk. Mange tilsette bidrar med forskingsbasert kunnskap i det offentlege ordskiftet. Universitetet er offisiell FN-partner og har ei ledande rolle i arbeidet med berekraftsmål 14, livet i havet, som vi er tildelt av FN-organisasjonen United Nations Academic Impact (SDG 14).

UiB tok i 2018 initiativ til å samla UH-sektoren, politikarar, offentlege tenestemenn, frivillige organisasjonar og næringslivet for å drøfta berekraftsmåla, i den nasjonale [SDG-konferansen](#), og er no eit «nasjonalt felleseige». Eit anna slikt døme er klimafestivalen Varm, våtere, [villere](#). Det er ei årleg hending i Bergen, organisert av Klimapartnere [Vestland](#) og Universitetet i Bergen, blant fleire samarbeidspartnarar. Festivalen har som mål å skape medvit rundt klimaendringar og berekraftige løysingar gjennom ei rekkje arrangement som foredrag, paneldiskusjonar, kunstprosjekt og aktivitetar for både barn og vaksne.

UiB er sterkt involvert i den årlege [One Ocean Week](#) i Bergen. Konferansen er ein møtestad for debatt, erfaringsutveksling og opplevingar knytt til ei berekraftig utnytting av havet. Mange av våre fagfolk er involvert i ulike aktivitetar gjennom veka, og UiB står også bak fleire store arrangement både på campus og på mindre scener i Bergen sentrum.

Universitetsdirektøren sine kommentarer

Forsking av høg internasjonal kvalitet og forskingsbasert utdanning er, og skal vere UiBs viktigaste bidrag til arbeidet med berekraft. UiBs tilsette samarbeider med forskarar, institusjonar og styremakter frå heile verda for å fremje berekraftig utvikling.

Gjennom arbeid med berekraft, sosial mobilitet, mangfald og samfunnsutvikling er UiB ein kraftfull påverkar av korleis samfunnet som heilskap utviklar seg i møte med framtidens utfordringar. Forsking ved UiB bidreg til å forstå globale berekraftsutfordringar og bidra til å utvikle kunnskap og løysingar som kan møte desse.

Universitetet utmerkar seg særleg med å ha mykje forskning innan klimaendringar, miljøvitskap, energiomstilling, havforskning, helse og sosiale problemstillingar kring berekraft. Universitetet tilbyr fleire studieprogram og kurs som fokuserer på berekraft, inkludert mastergrader i miljø- og ressursforvaltning, klima og energispørsmål. Fleire studieprogram har integrert tema knytt til FN's , slik at studentane får ei heilskapleg forståing av korleis berekraftsprinsipp kan brukast i yrkeslivet deira.

I tillegg er UiB-tilsette aktive i internasjonale samarbeid, inkludert FN-prosjekt og globale forskingsnettverk. Universitetet er til dømes eit «FN-universitet» med spesialfokus på berekraftsmåla (SDG), og då spesielt innan SDG 14: Liv under vatn som handlar om vern av havet. Forsking i heile breidda frå UiB blir gjerne i nasjonal og internasjonal politikktvikling for å fremje berekraftige løysingar. Mange vitskaplege gjer i tillegg ein stor formidlingsjobb som bidreg til å auke medvitet om klima- og miljøutfordringar gjennom offentlege føredrag, offentlege utgreiingar, seminar og debattar.

UiB har og eit sterkt fokus på berekraft i eiga verksemd som er omtala i eigen styresak om klimarekneskap.

16.10.2024/Ingar Myking